



## Sterkt resultat for Sogn og Fjordane Energi første halvår

*Sogn og Fjordane Energi oppnådde eit halvårsresultat på 197 millionar kroner – ei betring på 23 millionar frå i fjor, trass låge kraftprisar i SFE sitt prisområde.*

### Låge prisar, men høg produksjon

Straumprisen i NO3, der selskapet produserer det meste av krafta si, har vore godt under halvparten av det den var same periode i fjor, med 20,5 øre/kWh i gjennomsnitt mot 47,1 øre/kWh i 2024.

- Det har vore eit spesielt år med store prisforskjellar i Noreg. Her i vårt område gjekk vi inn i 2025 med godt fylte vassmagasin etter ein våt haust og vi fekk ein varm vinter. Men den største påverknaden kom frå overfylte magasin i prisområda nord for oss, og det låge prisenivået i Nord-Norge og Nord-Sverige påverker prisane her. Alle dei tre prisområda sør for oss har hatt gjennomsittsprisar nær eller meir enn det tredoble av det vi har hatt her i NO3, seier konsernsjef i Sogn og Fjordane Energi, Knut Arild Flatjord.

Han peikar på auka produksjon som ei viktig årsak til at selskapet likevel greier å levere eit svært solid halvårsresultat. SFE har produsert 56% meir kraft samanlikna med 1. halvår i fjor.

- Første halvår i fjor var prega av rehabilitering av fleire av dei store kraftverka våre, men godt vedlikehald og dyktige tilsette gjev resultat og i år har kraftverka produsert jamnt og trutt. Vi hadde første halvår ein produksjon på 1.274 GWh, seier Flatjord.

I tillegg er inntekter frå levering av systemtenester til Statnett og positive bidrag frå prissikring viktige grunnar til det gode resultatet.

### Ny kabel kan gje jamnare prisar

I slutten av september ferdigstiller Statnett sin nye kraftkabel mellom Aurland og Sogndal. Auka overføringskapasitet kan bety at prisskilnadene mellom NO5 (Bergensområdet) og NO3 jamnast ut.

- Dette kan gje noko høgare prisar i prisområdet vårt frå hausten av, seier Flatjord.

### Byggjer nytt kraftverk

SFE starta i midten av august bygginga av nye Øksnelvane kraftstasjon i Bremanger. Det nye anlegget vil auke årleg produksjon med 21 GWh og nær firedoble effektkapasiteten – frå dagens 28 MW til 110 MW. Prosjektet representerer ei investering på ca 1,2 milliardar kroner – den største enkeltinvesteringa i SFE si historie.

- Noreg står midt i ei avgjerande energiomstilling, og for å lukkast treng både eksisterande og nytt næringsliv tilgang på meir fornybar kraft. Med ei solid prosjektportefølje og eit sterkt samfunnsoppdrag i botn, er SFE klare for å bidra, seier konsernsjefen i Sogn og Fjordane Energi.

**Kontaktinformasjon:**

Konsernsjef Knut Arild Flatjord – tlf: 453 91 436 – epost: [knut.arild.flatjord@sfe.no](mailto:knut.arild.flatjord@sfe.no)

Økonomisjef Martin Holvik – tlf: 916 95 234 – epost: [martin.holvik@sfe.no](mailto:martin.holvik@sfe.no)

**Bakgrunnsinformasjon: Nøkkeltal**

<b>Nøkkeltal (mill. kr.):</b>	<b>30.06.2025</b>	<b>30.06.2024</b>
Driftsinntekter	959	1.301
Driftsresultat	326	328
Resultat før skatt	301	309
Resultat etter skatt	197	174